



Arkivnr: 2014/15677-11

Saksbehandlar: Karstein Oen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		18.06.2015

Stedfortredar for fylkesrådmannen

Samandrag

Det skal vere ein stedfortredar for fylkesrådmannen som trer inn i hans stad ved ferieavvikling, sjukdom o.l. I Reglementet for fylkesutvalet pkt. 2.1.2 er det fastsatt at fylkesutvalet tek avgjerd om «Tilsetjing av fylkesrådmannen sin faste avløysar og fastsetjing av løn til vedkomande». Det heiter vidare i Delegasjonsreglementet til fylkesrådmannen at fylkesrådmannen kan tilsetja i alle stillingar «.....med unnatak av fylkesrådmannen sin faste avløysar og sekretariatet for kontrollutvalet.. ».

Praksis til no har vore at fylkesdirektør økonomi (tidlegare økonomidirektøren) har hatt funksjonen som fast stedfortredar for fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen gjer framlegg om at tidlegare praksis held fram slik at fylkesdirektør økonomi og organisasjon (ny organisasjonsmodell gjeldande frå 01.06.15) går inn i funksjonen som stedfortredar for fylkesrådmannen.

Forslag til vedtak

1. Fylkesdirektør økonomi og organisasjon vert fast stedfortredar for fylkesrådmannen.
2. Det vert gitt ein kompensasjon på kr. 50.000 pr år for funksjonen.
3. Ordninga gjeld frå 1.6.2015.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.